

# **GREVRUSTEN**



*Av Knut Raastad, skrivi i 2004, revidert i 2017*

*Grevrusten ligg i Nordherad, ovanfor Grev vest for Dipra. Grevrusten var i tidlege tider kalla Bakke. I rekneskap over kyrkjepenger i 1832 er under almenninga nemnd Johannes Syvertsen Grev, han var da brukar i Grevrusten. Johannes 1789-1854 var frå Grev og son til Syver Knutsen Grev og Rønnaug Johannesdotter Lyen. Johannes var gift med Brit Knutsdotter Storviksløkken 1788-1867, dei starta truleg i Grevrusten i 1812. Johannes og Brit hadde sonen Syver Johannessen Grevrusten 1827-1912*

*Syver var i folketellinga i 1865 nemnd som gardbrukar og sjølveigar i Bakke. Han var gift med Ragnhild Knutsdotter f. 1813 som var frå megarde Storvik. Dei hadde ikkje barn. I 1900 var Syver føderådsmann, han dreiv nok da noko av garden sjølv.*

*Grevrusten gnr. 92 bnr. 1 var skyldsett i 1857, og Syver Johannessen fekk kongeleg skjøte for 75 Spd. I 1871 fekk Kristoffer Syversen skjøte frå Syver Johannesen for 100 Spd. Kristoffer 1841-1925 var frå Grev og son til Syver Knutsen og Mari fødd Trælviken. Faren var såleis syskjenbarn med seljaren Syver Johannessen og mora truleg syskjenbarn med Ragnhild.*

*Kristoffer som var skreddar var gift med Kari Jørgensdotter Odde 1848-1926, dotter til Jørgen Johannessen Visdal/Odde og Mari Knutsdotter megarde Storvik. Ragnhild som dei overtok Grevrusten etter var dermed tanta til Kari. Kristoffer og Kari hadde barna Ragnhild 1869-1949, til USA i 1893, der gift med Syver Syversen Grev 1862-1934*

*Syver 1871-1959*

*Mari 1875-1961, til USA i 1893, der gift med John Syversen Grev 1870-1930*

*Jørgen 1878-1907, reiste til USA*

*Marie 1881-1907, gift i USA med Paul Helleløkken 1870-1923*

*Rønnaug 1884-1932. gift med Jørgen Olsen Stasviken 1872-1939*

*Sigurd 1887-1888*

*Sigurd 1889-1961, gift 1913 med Rønnaug Knutsdotter Ulvsbu 1890-1961, på Ulvsbu*

*Otto 1894-1959, gift med Anne Hansdotter Hølmø 1901-1992*

*Grevrusten vart i 1915 overskjøta frå Kristoffer Syversen Bakke og hustru Kari Jørgensdotter til sonen Syver Kristoffersen Bakke for kr 400 samt føderåd til seljarane verdsett til kr 1250,- for 5 år, inkludert var lausøyre kr 400. Syver var gift med syskenbarnet Eldri*

*Iversdotter Vetlesæter 1872-1965, dotter til Ivar Vetlesæter f. Holen og Mari Syversdotter f. Grev. Syver og Eldri hadde barna*

*Ragnhild 1897-1969, gift med Hans Sandviken 1886-1968*

*Kristian 1900-1981, neste brukar*

*Ivar 1903-1991, gift med Anna Svare 1903-1991*

*Sigurd 1906-1971, gift med Gunhild Resvold 1904-1989*

*Mari 1909-1988, gift med Asmund Nyrnes 1904-1979*

*Marie 1912-1991, gift med Knut Vole 1910-1985*

*Kristian Grevrusten overtok Grevrusten frå faren Syver med kjøpekontrakt i 1929 og skjøte tinglese i 1937. Kjøpesummen var kr 400 samt føderåd til femårleg verdi kr 1250,-, i handelen følgde lausøyre med for kr 650. Kristian var gift med Anne Dalen 1904-2001, dei hadde barna*

*Sigurd f. 1927*

*Marit 1930-2007, gift med Alv Teigum 1928-2002*

*Sigurd overtok Grevrusten i 1967. Sigurd og foreldra flytte til Vågåmo i 1970-åra, og gardsdrifta vart dermed nedlagt. I 1987 vart garden overdrege til sonen til systera Marit, Knut Arild Teigum f. 1957.*

*Setra til Grevrusten er på nørdre Nistingen.*

*I 1865 var dei Grevrusten 1 hest, 4 kyr, 13 sauer og 4 geit, medan dei sådde 1 tønne bygg, litt rug og 2 tønner poteter. Folketellinga nemner at dei hadde tenestejente.*

*Kjelder: P.Ø.K. 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 113, 115, 116  
K.B.Storvik 1999: Draumen om eit bedre liv, s. 93  
K.,K.ogH.Bakke 2002: Portrettserie av Otto Bakke, s. 7  
Norske Gardsbruk 1953-1997  
Folketelling 1865, 1900  
Panterregister/grunnbok  
Liste over husmannspenger til kyrkja  
Knut Arild Teigum*